VOSS
bygd av Vossingar

HU Hardanger Ungdomsråd
... med auge for framtida!

# OPPLÆRINGSKONFERANSEN 2025




## HARDANGER OG VOSS UNGDOMSRÅD

# Hardanger og Voss ungdområd 2025




FREDAG 4. APRIL 2025 — NYHENDE 9

## Samla dei engasjerte unge

Under konferansen har Alexander Nitter (t.v.) fått vita kva ungdom i Hardanger faktisk er opptekne av. Ordstyrar Hallvard Valland Nordheim står. FOTO: CHARLOTTE SVENDSEN

Nyhende

**Fyrst lærte ungdomane korleis dei kan argumentera og arrangera debatt. Så fekk dei testa lærdomen i praksis.**

Charlotte Svendsen
svendsen@hf.no

Måndag var alle representantane i ungdomsråda i Kvam, Ullensvang, Ulvik, Voss og Eidfjord samla til opplæringskonferanse på Thon Hotel Sandven i Norheimsund.

Sentrale representantar i råda deltok på debattkurs med dagleg leiar i Landssamanslutninga av nynorskkommunar og redaktør i Framtida Junior, Svein Olav Langåker.

– Me lærte korleis me skal oppføra oss i debatt. Og me fekk nokre smarte tips om å få folk over på vår side, seier Alexander Nicholas Nordlinder Nitter, leiar i Hardanger og Voss ungdomsråd og nestleiar i Kvam ungdomsråd.

**Opptekne av veg og buss**

Mellom 40 og 45 ungdomar møtte. I grupper fann ungdomane ut kva saker som er viktige for deira aldersgruppe. Alle presenterte sakene sine og fekk argumentera for dei, medan dei andre i salen stilte spørsmål. Deretter stemte ungdomane over kva saker som er viktigast.

Nitter fortel at vegsikring, busstilbod og gratis sanitærprodukt for jenter på vidaregåande skule vann røystinga. Desse sakene skal råda jobba med. Ungdomane tok fatt på arbeidet under konferansen ved å diskutera og koma fram til ulike måtar å gå fram på for å verta høyrde. Råda skal ta kontakt med fylkeskommunane og enkeltkommunane for å få dei med på laget.

Varaordførar Frode Nygård (Frp), Heidi Fanebust (Frp), stortingsrepresentant Linda Monsen Merkesdal (Ap), ordførar i Eidfjord og rådsordførar i Hardangerrådet Timo Knoch (Ap) og Johanne Neteland (Sp) stilte til politikardebatt.

Ungdomane stilte spørsmål om sakene dei hadde jobba fram, beredskap, lærarar og kvifor ein skal stemma på dei forskjellige partia i valet. Mellom anna var det nokre ungdomar som lurte på kva politikarane vil gjera med lærarmangelen. Kvifor er krava til å koma inn på lærarstudiet så høge når det er mangel på lærarar? Hallvard Valland Nordheim styrte debatten med stø hand. Han stod klar med stoppeklokka og dunka i bordet når tida nærma seg.

**– Røyst til dei som ikkje torer**

Nitter seier at det var kjekt å høyra kva alle representantane for ungdomsråda sa, ikkje berre frå leiarane og nestleiarane som han treffer i det regionale ungdomsrådet.

– Det er ikkje alle som torer å seia meiningane sine, men det er kjekt å sjå at ungdom er politisk aktive, seier han.

Sjølv er han ikkje redd for å seia frå, men det var litt tilfeldig at han vart ungdomspolitikar. Han var representant for Ungdomsbasen i Kvam og stilte til val i Kvam ungdomsråd. I skuleåret 2023/2024 var han vararepresentant. Året etter vart han fast representant.

– Det er ikkje alltid politikarane tenkjer på ungdomane, så det er viktig at me seier kva me meiner. For meg er det viktig at ungdomane si stemme vert høyrd. Eg kan vera stemma til dei som ikkje torer å seia noko, seier Nitter.

Han er glad i å laga til arrangement. Til hausten skal Kvam arrangera ungdomskonferanse. Då vert kvardagen hans litt travlare enn vanleg. Truleg skal 500–600 ungdomar frå heile landet samlast. Planen er at ungdomane skal innlosjerast på lokale hotell og at det meste av programmet skal vera i Øystesehallen.

Frå venstre: Heidi Fanebust (Frp), Frode Nygård (Frp), Linda Monsen Merkesdal (Ap), Timo Knoch (Ap) og Johanne Neteland (Sp) måtte svara på spørsmål frå engasjerte ungdomar. FOTO: CHARLOTTE SVENDSEN

Sondre Fagerheim Lunestad (i midten) stilte spørsmål om lærarrolla. FOTO: CHARLOTTE SVENDSEN

# Oppsummering frå dagen:

Bli kjent! Oppvarming til debatt med “påstandsleiken” og “Speeddating”

Debattkurs med gruppearbeid og presentasjonar frå alle gruppene.

Demokrati handlar om å samla støtte. Kursleiar oppmodar alle å bruka stemma si og gjerne invitera til folkemøte, f.eks på biblioteket. Denne dagen lærte ungdomane mykje gjennom førelesing, gruppearbeid, framføring og debatt.




På bildet er resultatet av dagens arbeid og kva ungdom i Hardanger og Voss ynskjer å arbeida med. Dei tre sakene med mest stemmer frå deltakarane er:

1. Busstilbodet
2. Vegsikring
3. Mensprodukt

Desse sakene skal dei arbeida vidare med. Råda dei fekk var blandt anna:

- ➔ Ta kontakt med Skyss for møte.
- ➔ Engasjer dykk i vegarbeidet og kontakt stortingspolitikarar for å påverka prioriteringane.
- ➔ Henvend dykk til skuleeigarar i kommunane og fylkeskommunen og be om faste midlar til sanitærprodukt på alle skulane.

Under debatten med politikarar vart det spurt om mange ting. F.eks lurar ungdomen på kva dei ulike partia vil arbeida for i regjeringa. Det vart spurt om fråværsgrensa; helsetilbod og helsekøar; samanslåing av kommunar; forsvar og beredskap; brannvesenet; inntektene til bøndene;

Hardanger Ungdomsråd
... med auge for framtida!

VOSS
bygd av Vossingar

# Inspirasjon frå stortingsrepresentant Linda Merkesdal til avsluttning:

**I politikken i Norge er vegen kort, og det er viktig at de brukar nettvereket rundt dykk. Hugs at mange saker tek tid.**

**Koble på Stortinget og gjer sakene nasjonale. Bruk stemma dykkar. Ingen sak er for stor eller for liten til å ta opp i Stortinget.**

**Når det er i Oslo, ta kontakt med nokon på Stortinget. Alle på Stortinget er folkevalgt, og er såleis til teneste for folket - altså alle i Norge.**

**Ring, skriv e-post eller sende mld.**

**Herved inviterar Linda alle til Stortinget for å diskutera!**




Hardanger Ungdomsråd
... med auge for framtida!